



Olav Aase
Orresteinen 32
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4292 - 14/12472


Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
22.05.2014

Svar på spørsmål om bygging av mur - gbnr 185/310 Isdal

Viser til din e-post motteke 09.05.2014 vedkomande spørsmål om bygging av mur på eigdommen.

Eigdommen ligg i reguleringsplanen for Juvikstølen gnr 185 bnr 1 m.fl. I reguleringsplanen er det vist byggegrenser på kvar side av eigdommen.



Tiltak som vert plassert innanfor byggegrensa, krev dispensasjon frå reguleringsplanen.

Når det gjeld kva tiltak som er fritatt for søknadspliktig følgjer dette av byggesaksforskriften (SAK10) § 4-1. Når det gjeld murar står det at «Mindre forstøtningsmur på inntil 1,0 m høyde og avstand fra nabogrense på minst 2,0 m, eller forstøtningsmur på inntil 1,5 m høyde og avstand fra nabogrense på minst 4,0 m. Muren må ikke hindre sikten i frisiktsoner mot vei», jf. SAK10 § 4-1 c nr.5.



I alle tilhøve så gjeld kun søknad om fritak der tiltaket er i samvar med gjeldande plangrunnlag. Det vil sei at dersom du skal plassera muren innafor byggjegrensa, så må du søkje dispensasjon for oppføring av tiltaket. Dersom du får dispensasjon og tiltaket elles er innanfor dei rammene som er vist over, så kan du byggje muren utan søknad når dispensasjon er gjeve.

For meir informasjon om byggjereglar vert det vist til www.dibk.no. Her finn du og søknadsskjema.

Håpar dette er svar på dine spørsmål.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konstituert fagleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Olav Aase

Orresteinen 32 5916

ISDALSTØ